



KARANTENENEMNDA

Vidar Ulriksen

Vår dato

16.12.2024

Deres dato

Vår referanse

24/4260

Brot på informasjonsplikta i samband med etablering av eiga næringsverksemd og deltaking i arbeidsgruppe for Norges Fiskarlag

Karantenenemnda syner til tidlegare korrespondanse, sist e-post frå deg datert 5. desember 2024. Saka gjeld brot på informasjonsplikta etter karanteneleva § 5. Ved brot på informasjonsplikta kan Karantenenemnda ileggje lovbrotsgebyr i samsvar med karanteneleva § 20.

Informasjonsplikta inneber at politikarar på eige initiativ skal informere Karantenenemnda om alle overgangar som er omfatta av karanteneleva, jf. karanteneleva § 5. Brot på informasjonsplikta omfattar både det å gje forseinka eller feilaktig informasjon og det å unnlate å gje informasjon i det heile.

Du har starta eiga næringsverksemd og har delteke i ei arbeidsgruppe for Norges Fiskarlag utan at du har informert Karantenenemnda innan dei fristane som er fastsette i karanteneleva. Dette er eit brot på informasjonsplikta.

Karantenenemndas vurdering

Etter ei samla vurdering har Karantenenemnda kome fram til at du ikkje skal ileggjast lovbrotsgebyr for brotet på informasjonsplikta.

Det er ikkje tilstrekkeleg for å ileggje lovbrotsgebyr at det ligg føre eit brot på informasjonsplikta. Det må òg vere tilstrekkeleg grad av skuld, anten grov aktløyse eller forsett, og sannsynsovervekt for at slik skuld ligg føre.

Karantenenemnda meiner at du har opptrådt grovt aktlaust og at skuldkravet for å ileggje lovbrotsgebyr difor er oppfylt. Nemnda syner til at du er godt kjend med innhaldet i informasjonsplikta. Politikarar vert informerte om plikta av Statsministerens kontor ved fratreden frå embete eller stilling. I vedtaket av 22. desember 2023, som gjaldt overgang til Aksello AS, vart du også gjort kjent med informasjonsplikta.

Sjølv om skuldkravet er oppfylt, har nemnda kome fram til at du ikkje skal ileggjast lovbrotsgebyr. Dette kjem av at det ikkje er sannsynleg at du ville blitt ilagt karantene eller

saksforbod dersom du hadde informert nemnda om dei aktuelle overgangane. Nemnda legg til grunn at du ikkje har fått fordelar gjennom brotet på informasjonsplikta.

Sjølv om du ikkje blir ilagd lovbrotsgebyr, meiner Karantenenemnda at det er svært kritikkverdig at du ikkje informerte nemnda innan dei fristane som gjeld i karantenedova. Brot på informasjonsplikta kan medverke til å undergrave både respekten for regelverket og den generelle tilliten til forvaltninga og politikarar.

Nemnda understrekar at informasjonsplikta gjeld for alle overgangar som er omfatta av karantenedova, også dei som ein sjølv vurderer som uproblematiske. Dersom det er usikkert om ein overgang er omfatta av informasjonsplikta, forventar nemnda at den det gjeld aktivt prøver å avklare dette gjennom nødvendige undersøkingar eller ved å kontakte Karantenenemnda for rettleiing.

Sylvia Brustad (leiar)
(sign.)

Gunnar Hæreid (nestleiar)
(sign.)

Bernt Jørgen Stray
(sign.)

Steinulf Tunesvik
(sign.)

Ragna Aarli
(sign.)

Brevet frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneheld ikkje signatur.